



Even Askeland
Mykingvegen 160
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/25 - 23/3439

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
13.01.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 213/55 Eikanger nedre

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom/ deling
Byggjestad: Gbnr 213/55
Tiltakshavar: Even Askeland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.01.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Plan- og bygningslova set krav om at rett til å føre vass- og avløpsleidningar over annan grunn, alternativt til å knyte seg til felles leidningsnett, skal vere sikra ved tinglyst dokument eller på annan måte som kommunen godtek som tilfredstillande.

Det må leggjast fram erklæring om rett i fast eigedom for dette. Erklæringa treng ikkje vere tinglyst. Det tek landmålar seg av i samband med oppmålingsforretning dersom det vert gjeve løyve til omsøkt deling. Du kan la felt 3A stå ope for seinare utfylling. Erklæringa skal vera i 2 originale eksemplar. Legg ved skjema for erklæring. Du finn også skjemaet på Kartverket si heimeside: [Erklæring om rettighet i fast eiendom | Kartverket.no](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.02.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring-om-rettighet_nyn

Mottakarar:

Even Askeland

Mykingvegen 160

5913

EIKANGERVÅG